



TDG Hellevang Energi AS
Hellevang
6815 FØRDE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2854 - 16/10488

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.04.2016

Avvisning av søknad om ferdigattest for 4-mannsbustad gbnr. 91/38 og 40 Brundtland

Administrativt vedtak. Saknr: 205/16

Tiltakshavar: Tor Dag Gulbrandsen
Ansvarleg søkjar: Myklebust Invest LTD
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Vi viser til søknad om ferdigattest, for 4-mannsbustad på eigedom gbnr. 91/38 og 40 Brundtland, motteke 04.04.16. Søknad er datert 01.04.16.

Det er i søknad opplyst at føretaket Myklebust Invest LTD (org.nr.: 935 614 901) er avvikla. Tiltakshavar har forsøkt å komme i kontakt med ansvarleg søkjar utan å lykkast.

Myklebust Invest LTD er godkjent for følgjande funksjonar i tiltaket:

| Funksjon | Ansvarsområde | TTKL |
|----------|-----------------------------------|------|
| SØK | Heile tiltaket | 1 |
| UTF/KTR | Tømrer-, pipe- og membranarbeider | 1 |
| UTF/KTR | Betongarbeider | 2 |

Det vert vert opplyst at arbeida er utført, og det vert bedt om at TDG Hellevang Energi (org.nr. 981 032 365) overtar som ansvarleg søkjar (SØK) frå 01.04.16.

Før søknad om ferdigattest kan handsamast må det søkjast om endringsmelding der det vert synleggjort grensesnitt mellom arbeid utført av Myklebust Invest LTD og føretaka som faktisk har utført arbeidet. Evt. kontrollerklæring frå utførande og kontrollerande føretak (Myklebust Invest LTD) der dette ligg føre.



Dersom arbeid er utført av anna føretak enn Myklebust Invest LTD, må utførande og kontrollerande føretak med omsyn til tømmer-, pipe- og membranarbeider erklære ansvarsrett.

Utførande føretak med omsyn til betongarbeid i TTKL 2 må erklære ansvarsrett, vi gjer merksam på at berre føretak som er sentralt godkjent for betongarbeid i TTKL 2 kan erklære ansvarsrett, TDG Hellevang Energi kan ikkje erklære ansvarsrett i TTKL 2.

TDG Hellevang Energi AS må erklære ansvarsrett for søkjar rolla.

Det må leverast inn oppdatert gjennomføringsplan i samsvar med føretak som har hatt ansvar/påtek seg ansvar for fagområda der Myklebust Invest LTD har hatt ansvarsrett og der det ikkje ligg føre kontrollerklæring for utført arbeid frå Myklebust Invest LTD.

Der det ikkje let seg gjere å framskaffe kontrollerklæringar, evt. føretak ikkje vil påta seg ansvar for utført arbeid, må det gjennomførast kontroll av det utførte arbeidet. Slik kontroll utførast av kvalifisert føretak. Det må då sendast inn dokumentasjon på at det utførte arbeidet er utført i samsvar med gjeldande regelverk og løyvet i saka.

VURDERING:

Det er ved søknad om ferdigattest ikkje tilstrekkeleg dokumentert at tiltaket har vore belagt med ansvar i byggeperioden.

Det må liggje føre endringsmelding med omsyn til ansvar i tiltaket før det kan søkjast om og gjevast ferdigattest.

Ved ny innsending av søknad om ferdigattest må følgjande dokumenterast, jf. vårt vedtak datert 13.09.11 (sjå vedlegg);

1. Innmålingsdata med omsyn til plassering av 4-mannsbustad i terrenget.
2. Det må dokumenterast tinglyste rettar med omsyn til vann og avlaup.
3. Det må dokumenterast tilgang til tilstrekkeleg vatn samt kvalitet på drikkevatt.
4. Det må dokumenterast avfallsplan for tiltaket.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 jf. SAK10 § 8-1 vert søknad om ferdigattest for 4-mannsbustad på eigedom gbnr. 91/38 og 40 avvist då det er gjort endringar i tiltaket utan at det ligg føre endringsløyve.

Grunngjeving for avvising av søknad om ferdigattest går fram av saksutgreiing.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2854

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til tiltak på vilkår Gbnr 9138 og 40 Bruntland Firemannsbustad (L)(179531)

Mottakarar:

TDG Hellevang Energi AS

Hellevang

6815

FØRDE